

Styrk sjukehusa no!

Helseføretaksmodellen blei innført 1.1.2002. Vedtaket, gjort av FrP, Høgre og Ap, sette marknadsøkonomi i sentrum for drift av sjukehusa. Pasientane vart kundar og stykkprisfinansiering etter diagnosar vart innført som ein del av grunnlaget for drifta av sjukehusa. Nedlegging og sentralisering av lokalsjukehus vart drive gjennom med mellom anna reduksjon av mengda sjukehussenger som resultat. Dette har svekka beredskapen i sjukehussektoren kraftig, og ført til overbelegg og korridorpatientar på mange sjukehus.

20 år etter innføringa av helseføretaksmodellen oppnemnte regjeringa i februar 2022 eit utval som skal greie ut forslag til endringar i modellen. Utvalet skal levere si utgreiing i slutten av mars 2023.

Mange av punkta i mandatet er gode og viktige, som å redusere marknadstenkinga sin plass i styringa av helseføretaka. Men føretaksmodellen er sjølv eit utslag av marknadstenking, der staten er eigar og føretaka skal styrast som bedrifter. Så lenge utvalet ikkje kan rokke ved dette, blir tiltaka berre symptomlindring. SV vil difor at ein i oppfølginga av Sjukehusutvalet må føreslå at ein tek med seg arbeidet som er gjort inn i ein prosess der ein kan demokratisere sjukehusa og sikre eit likeverdige spesialisthelsetilbod i heile landet. Då kan vi sikre mindre privatisering, tilstrekkeleg finansiering og ei helseteneste der samhandling ikkje blir eit ord for festtalene, men noko pasientane merkar på si pasientreise.

I sjukehustalen 17. januar peika statsråd Kjerkol på kor viktig det er å halde på fagfolka i sjukehusa og rekruttere nye fagfolk, og at vi må legge til rette for god bruk av fagfolka sin kompetanse ved hjelp av teknologi, oppgåvedeling, forskning og innovasjon. Det er sjølv sagt rett, men dette skjer ikkje over natta og ikkje utan ressursar til omstilling, og til at fagfolka skal sleppe å springe beina av seg til denne framtidsvisjonen er på plass.

SV ønskjer ein forvaltningsmodell som sikrar pasientar, tilsette og det faglege innhaldet i sjukehusdrifta, og som styrkar drifta av sjukehusa på både nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.